

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 10.05.2021

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan kvalitet i opplæringa og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vart ingen endring i prosjektplanen og det betyr at punkt 2 i forslag til vedtak går ut.

Med denne endringa, ved at punkt 2 går ut, vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan kvalitet i opplæringa frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. I tillegg ber kontrollutvalet om at opsjon på undersøking av spesialundervisning under pandemien inngår i revisjonen med det timeforbruket som inngår i prosjektplanen.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timer.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.12.2021, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.